

Melding om vedtak

Arbeidsdepartementet

Dykkar ref.

Vår ref.
12/266-12/4260


Arkivkode:
FA-U03

Dato:
27.06.2012

Høyringsuttale om arbeidsretta tiltak - Brofossutvalet

Viser til vedlagte sak med vedtak.

Med helsing


Olav Mongstad
konstituert rådmann


Emma Hjeltnveit
sekretær

Austrheim kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	20.06.2012	071/12	Olav Mongstad

Saksansv.: Olav Mongstad	Arkiv: FA-U03	Arkivsaknr: 12/266 -5
--------------------------	---------------	-----------------------

Høyringsuttale om arbeidsretta tiltak - Brofossutvalet

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	X	18.06.2012		Notat frå møte med Aufera
6	I	19.06.2012	Radøy kommune	Radøy kommune - endringar i med Aufera AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre gir fylgjande høyringsuttale til «NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak:»

HØRINGSUTTALE NOU 2012:6 ARBEIDSRETTEDE TILTAK

Innleiing

Arbeidsdepartementet har sendt «NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak» på høring, med frist til 13.07.2012 å gje uttale til utgreiinga.

Austrheim kommune er glad for at Brofossutvalet ynskjer å styrka arbeidsmoglegheitene for personar med redusert arbeidsevne. Vi er også nøgd med at utvalet understrekar trongen for å auka innsatsen for desse målgruppene. Dette er etter vår oppfatning heilt naudsynt, dersom ein skal lukkast med å få fleire ut i arbeidslivet.

Vi registrerer samstundes at utvalet er delt i si tilråding av framtidig innretting av arbeidsretta tiltak, og har kome med framlegg til tre ulike modellar. På bakgrunn av dette bør det etter vår oppfatning utarbeidast ei stortingsmelding, der Regjeringa klargjer sine preferansar. Slik vil ein få det grunnlaget ein treng for å treffa riktig avgjerd.

Austrheim kommune støttar modellen som har størst tilslutning i utvalet, etter dette kalla modell 1.

Høyringsuttale

Som deleigar av vekstverksemda Aufera as har kommunane Austrheim, Fedje og Radøy dei siste sju åra bygd opp eit godt tilbod til målgruppa. Verksemda driv vaskeri, transport, kantine, kjøkken og har ei vaktmeistergruppe. Aufera har aktivitetar i alle eigarkommunane.

Vi opplever at Aufera er ein viktig del i løysinga for menneska som slit i ytterkanten av arbeidslivet. Verksemda er både synleg og godt kjent i eigarkommunane. Vi opplever at dei som er i tiltaket er både stolte og nøgde med arbeidsplassen sin. For oss som heldt til i distrikta er kommunikasjon ei stor utfordring. Kommunikasjonstilbodet er til tider vanskeleg. Difor er det svært viktig for målgruppa å ha tilbod i lokalmiljøet.

Det kommunale eigarskapet er etter vår meining ein styrkje for attføringsarbeidet. Det sikrar eit langsiktig tidsperspektiv, stabilitet og ansvar overfor verksemda. Våre eigarrepresentantar i verksemda sitt styre har viktig lokalkunnskap, helsefagleg kompetanse og erfaring i tverrfagleg tenking, noko som er avgjerande for å skapa gode løysningar for våre innbyggjarar med redusert arbeidsevne. Gjennom ei vidareutvikling av det systemet ein har i dag, basert på eit tett samarbeid mellom kommunane, NAV som tingar og tiltaksverksemda som leverandør, meiner vi modell 1 tek best vare på denne kunnskapen. Derfor har vi også Rådgjevande utval i verksemda, der representantar frå eigarar, det lokale NAV, NAV på fylkesnivå og tiltaksverksemda møtest jamleg for å sikra best mogleg oppfølging av dei som er på tiltak.

Samstundes ser vi klart at dette systemet har forbedringspotensial. I dag er ventetida for å komme inn i eit tiltak for yrkesretta attføring generelt for lang. Dette er uheldig då det fører til tap av motivasjon for den enkelte, og i mange tilfeller fell brukarane ut frå ei positiv utvikling. Derfor er modell 1 si dreining frå aktivitetsretta til individretta tiltak, eit viktig steg i rett retning, då dette vil gje meir fleksible løysingar tilpassa den enkelte.

Vi støtter og krava i modell 1 om m.a. oppdatert metodikk og kompetanse hjå tiltaksverksemdene og krav til endringsprosessar hjå brukar. I tillegg vil denne modellen stilla krav til ordinært arbeidsliv om å styrkja sin inkluderingskompetanse. Vi meiner dette til saman vil styrkja tilbodet til målgruppa.

Austrheim kommune støttar eit samla utval i at meir av attføringa skal gå føre seg i ordinært arbeidsliv. Vi vil likevel peika på at attføringsarbeidet framleis må gjerast av personar med naudsynt attførings- og inkluderingskompetanse. Vi er svært usikre på om næringslivet er klar til å ta over det arbeidet som er føreslegen i modell 2, den såkalla arbeidsinkluderingsmodellen. Etter vårt syn vil modell 2 kunna medføra at vekst- og attføringsverksemdene vert borte. Saman med verksemdene vil og deira ekspertise i tilrettelagt arbeid og attføring forsvinna. Dette er ekspertise som det vil være svært vanskeleg å samle att om det viser seg at teoriane bak modell 2 syner seg å ikkje stemma med verkelegheita.

Vi stiller oss og sterkt kritiske til at det er riktig og føremålstenleg at NAV får ein utvida rolle i attføringsarbeidet, som arrangør av attføringstenester slik modell 2 går ut i frå. Etter vår meining bør NAV framleis ha rolla som avklarande, kontrollerande og oppfølgjande instans.

Når det gjeld arbeidsmarknadstiltaket Varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med uførepensjon, er vi glad for at eit fleirtal av utvalet sine medlemmer går inn for å vidareutvikla denne ordninga. For denne målgruppa opplever vi at det er eit tydelig udekkta behov, som må møtast med fleire tiltaksplassar.

Konkurransetsetting

Eigarskapsmodellen ein har i dag føreset at eit eventuelt overskot skal koma tiltaksdeltakarne og verksemdene til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Attføringsarbeidet er etter vårt syn lite eigna for anbudsutsetting. Vi fryktar at kvaliteten i arbeidet vert vesentlig redusert dersom dette arbeidet skal utførast av verksemdar som har bedriftsøkonomisk overskot som fremste føremål. Vi fryktar at eit anbudssystem vil redusera tilbodet til brukarane og då særleg for dei brukarane som har størst hjelpe- og/eller tilretteleggingstrong. Med kommunal eigarstruktur sikrar ein vidare eit geografisk likeverdig tilbod til brukarane i distrikta.

Behandling i Kommunestyret 20.06.2012:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

KS-071/12 Vedtak:

Austrheim kommunestyre gir fylgjande høyringsuttale til «NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak:»

HØRINGSUTTALE NOU 2012:6 ARBEIDSRETTEDE TILTAK

Innleiing

Arbeidsdepartementet har sendt «NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak» på høring, med frist til 13.07.2012 å gje uttale til utgreiinga.

Austrheim kommune er glad for at Brofossutvalet ynskjer å styrka arbeidsmoglegheitene for personar med redusert arbeidsevne. Vi er også nøgd med at utvalet understrekar trongen for å auka innsatsen for desse målgruppene. Dette er etter vår oppfatning heilt naudsynt, dersom ein skal lukkast med å få fleire ut i arbeidslivet.

Vi registrerer samstundes at utvalet er delt i si tilråding av framtidig innretting av arbeidsretta tiltak, og har kome med framlegg til tre ulike modellar. På bakgrunn av dette bør det etter vår oppfatning utarbeidast ei stortingsmelding, der Regjeringa klargjer sine preferansar. Slik vil ein få det grunnlaget ein treng for å treffa riktig avgjerd.

Austrheim kommune støttar modellen som har størst tilslutning i utvalet, etter dette kalla modell 1.

Høyringsuttale

Som deleigar av vekstverksemda Aufera as har kommunane Austrheim, Fedje og Radøy dei siste sju åra bygd opp eit godt tilbod til målgruppa. Verksemda driv vaskeri, transport, kantine, kjøkken og har ei vaktmeistergruppe. Aufera har aktivitetar i alle eigarkommunane. Vi opplever at Aufera er ein viktig del i løysinga for menneska som slit i ytterkanten av arbeidslivet. Verksemda er både synleg og godt kjent i eigarkommunane. Vi opplever at dei som er i tiltaket er både stolte og nøgde med arbeidsplassen sin.

For oss som heldt til i distrikta er kommunikasjon ei stor utfordring. Kommunikasjonstilbodet er til tider vanskeleg. Difor er det svært viktig for målgruppa å ha tilbod i lokalmiljøet.

Det kommunale eigarskapet er etter vår meining ein styrkje for attføringsarbeidet. Det sikrar eit langsiktig tidsperspektiv, stabilitet og ansvar overfor verksemda. Våre eigarrepresentantar i verksemda sitt styre har viktig lokalkunnskap, helsefagleg kompetanse og erfaring i tverrfagleg tenking, noko som er avgjerande for å skapa gode løysningar for våre innbyggjarar med redusert arbeidsevne. Gjennom ei vidareutvikling av det systemet ein har i dag, basert på eit tett samarbeid mellom kommunane, NAV som tingar og tiltaksverksemda som leverandør, meiner vi modell 1 tek best vare på denne kunnskapen. Derfor har vi også Rådgevande utval i verksemda, der representantar frå eigarar, det lokale NAV, NAV på

fylkesnivå og tiltaksverksemda møtest jamleg for å sikra best mogleg oppfølging av dei som er på tiltak.

Samstundes ser vi klart at dette systemet har forbetningspotensial. I dag er ventetida for å komme inn i eit tiltak for yrkesretta attføring generelt for lang. Dette er uheldig då det fører til tap av motivasjon for den enkelte, og i mange tilfeller fell brukarane ut frå ei positiv utvikling. Derfor er modell 1 si dreining frå aktivitetsretta til individretta tiltak, eit viktig steg i rett retning, då dette vil gje meir fleksible løysingar tilpassa den enkelte.

Vi støtter og krava i modell 1 om m.a. oppdatert metodikk og kompetanse hjå tiltaksverksemdene og krav til endringsprosessar hjå brukar. I tillegg vil denne modellen stilla krav til ordinært arbeidsliv om å styrkja sin inkluderingskompetanse. Vi meiner dette til saman vil styrkja tilbodet til målgruppa.

Austrheim kommune støttar eit samla utval i at meir av attføringa skal gå føre seg i ordinært arbeidsliv. Vi vil likevel peika på at attføringsarbeidet framleis må gjerast av personar med naudsynt attførings- og inkluderingskompetanse. Vi er svært usikre på om næringslivet er klar til å ta over det arbeidet som er føreslegen i modell 2, den såkalla arbeidsinkluderingsmodellen. Etter vårt syn vil modell 2 kunna medføra at vekst- og attføringsverksemdene vert borte. Saman med verksemdene vil og deira ekspertise i tilrettelagt arbeid og attføring forsvinna. Dette er ekspertise som det vil være svært vanskeleg å samle att om det viser seg at teoriene bak modell 2 syner seg å ikkje stemma med verkelegheita.

Vi stiller oss og sterkt kritiske til at det er riktig og føremålstenleg at NAV får ein utvida rolle i attføringsarbeidet, som arrangør av attføringstenester slik modell 2 går ut i frå. Etter vår meining bør NAV framleis ha rolla som avklarande, kontrollerande og oppfølgjande instans.

Når det gjeld arbeidsmarknadstiltaket Varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med uførepensjon, er vi glad for at eit fleirtal av utvalet sine medlemmer går inn for å vidareutvikla denne ordninga. For denne målgruppa opplever vi at det er eit tydelig udekkka behov, som må møtast med fleire tiltaksplassar.

Konkurransetsetting

Eigarskapsmodellen ein har i dag føreset at eit eventuelt overskot skal koma tiltaksdeltakarne og verksemdene til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Attføringsarbeidet er etter vårt syn lite eigna for anbudsutsetting. Vi fryktar at kvaliteten i arbeidet vert vesentlig redusert dersom dette arbeidet skal utførast av verksemdar som har bedriftsøkonomisk overskot som fremste føremål. Vi fryktar at eit anbudsssystem vil redusera tilbodet til brukarane og då særleg for dei brukarane som har størst hjelpe- og/eller tilretteleggingstrong. Med kommunal eigarstruktur sikrar ein vidare eit geografisk likeverdige tilbod til brukarane i distrikta.

Særutskrift sendt:

Dato: 24-12

Sign: E.Hj.

Arbeidsdepartementet på postmottak@ad.dep.no.

AUFERA AS

Radøy kommune

Fedje kommune

1. Saka gjeld:

Regjeringa sette i januar 2011 ned "Utvalet for arbeidsrettede tiltak." Mandatet deira hadde utgangspunkt i at arbeid for alle var eit overordna mål og at mange står utanfor arbeidslivet.

2. Saksopplysningar:

Utvalet skulle m.a. vurdere vekst- og attføringsbedriftene sin rolle i arbeidsmarknadspolitikken og sjå på alternative modellar for korleis behova til målgruppene kan dekkast i framtida. Vidare skulle rollefordelinga mellom tiltaksbedriftene, eigarane, NAV og andre aktørar gjennomgåast. Forslag til forbetringar skulle i følgje mandatet haldast innanfor ei kostnadsnøytral ramme.

Utvalet leverte ei tredeld innstilling. Dei tre modellane er kort skissert:

1. Modellen har støtte frå 6 av 14 medlemmer
2. Modellen har støtte frå 5 av 14 medlemmer
3. Modellen har støtte frå 3 av 14 medlemmer

Modell 1.

Modellen baserer seg på ei vidareutvikling av dagens system med direkte avtalet mellom NAV og dei førehandsgodkjente tiltaksbedriftene som t.d. AUFERA AS.

Modell 2.

Modellen går inn for å satse på ordinært arbeidsliv som den framtidige attføringsarena.

Modell 3.

Modellen ligg mellom modell 1 og 2 og baserer seg på å operere med eit tiltak som skal føregå i ordinært arbeidsliv og eitt som skal føregå i skjerma sektor.

3. Vurdering:

For verksemder som AUFERA kan modell 3 føra til meir usikkerheit med at tal på plassar som dei oppnår betaling kan svinga. Det kan m.a. føra til økonomisk usikre tider for slike verksemder

4. Konklusjon:

AUFERA AS er organisert i ASVL som har vore med i Borfossutvalet. Dei tilråd modell 1. Sjølv denne modellen vil bruka ordinært arbeidsliv i større grad enn i dag. Modellen held likevel på at ein må ta utgangspunkt i det einskilde individ sine behov og laga til ei fleksibel for den einskilde.

Rådmannen tilrår at kommunestyret støttar opp om ein felles uttale med Radøy som lyder slik:

HØRINGSUTTALE NOU 2012:6 ARBEIDSRETTEDE TILTAK

Innleiing

Arbeidsdepartementet har sendt «NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak» på høring, med frist til 13.07.2012 å gje uttale til utgreiinga.

Austrheim kommune er glad for at Brofossutvalet ynskjer å styrka arbeidsmoglegheitene for personar med redusert arbeidsevne. Vi er også nøgd med at utvalet understrekar trongen for å auka innsatsen for desse målgruppene. Dette er etter vår oppfatning heilt naudsynt, dersom ein skal lukkast med å få fleire ut i arbeidslivet.

Vi registrerer samstundes at utvalet er delt i si tilråding av framtidig innretting av arbeidsretta tiltak, og har kome med framlegg til tre ulike modellar. På bakgrunn av dette bør det etter vår oppfatning utarbeidast ei stortingsmelding, der Regjeringa klargjer sine preferansar. Slik vil ein få det grunnlaget ein treng for å treffa riktig avgjerd.

Austrheim kommune støttar modellen som har størst tilslutning i utvalet, etter dette kalla modell 1.

Høyringsuttale

Som deleigar av vekstverksemda Aufera as har kommunane Austrheim, Fedje og Radøy dei siste sju åra bygd opp eit godt tilbod til målgruppa. Verksemda driv vaskeri, transport, kantine, kjøkken og har ei vaktmeistergruppe. Aufera har aktivitetar i alle eigarkommunane. Vi opplever at Aufera er ein viktig del i løysinga for menneska som slit i ytterkanten av arbeidslivet. Verksemda er både synleg og godt kjent i eigarkommunane. Vi opplever at dei som er i tiltaket er både stolte og nøgde med arbeidsplassen sin. For oss som heldt til i distrikta er kommunikasjon ei stor utfordring. Kommunikasjonstilbodet er til tider vanskeleg. Difor er det svært viktig for målgruppa å ha tilbod i lokalmiljøet.

Det kommunale eigarskapet er etter vår meining ein styrkje for attføringsarbeidet. Det sikrar eit langsiktig tidsperspektiv, stabilitet og ansvar overfor verksemda. Våre eigarrepresentantar i verksemda sitt styre har viktig lokalkunnskap, helsefagleg kompetanse og erfaring i tverrfagleg tenking, noko som er avgjerande for å skapa gode løysningar for våre innbyggjarar med redusert arbeidsevne. Gjennom ei vidareutvikling av det systemet ein har i dag, basert på eit tett samarbeid mellom kommunane, NAV som tingar og tiltaksverksemda som leverandør, meiner vi modell 1 tek best vare på denne kunnskapen. Derfor har vi også Rådgevande utval i verksemda, der representantar frå eigarar, det lokale NAV, NAV på fylkesnivå og tiltaksverksemda møtest jamleg for å sikra best mogleg oppfølging av dei som er på tiltak.

Samstundes ser vi klart at dette systemet har forbettringspotensial. I dag er ventetida for å komme inn i eit tiltak for yrkesretta attføring generelt for lang. Dette er uheldig då det fører til tap av motivasjon for den enkelte, og i mange tilfeller fell brukarane ut frå ei positiv utvikling. Derfor er modell 1 si dreining frå aktivitetsretta til individretta tiltak, eit viktig steg i rett retning, då dette vil gje meir fleksible løysingar tilpassa den enkelte.

Vi støtter og krava i modell 1 om m.a. oppdatert metodikk og kompetanse hjå tiltaksverksemdene og krav til endringsprosessar hjå brukar. I tillegg vil denne modellen stilla krav til ordinært arbeidsliv om å styrkja sin inkluderingskompetanse. Vi meiner dette til saman vil styrkja tilbodet til målgruppa.

Austrheim kommune støttar eit samla utval i at meir av attføringa skal gå føre seg i ordinært arbeidsliv. Vi vil likevel peika på at attføringsarbeidet framleis må gjerast av personar med naudsynt attførings- og inkluderingskompetanse. Vi er svært usikre på om næringslivet er klar til å ta over det arbeidet som er føreslegen i modell 2, den såkalla arbeidsinkluderingsmodellen. Etter vårt syn vil modell 2 kunna medføra at vekst- og attføringsverksemdene vert borte. Saman med verksemdene vil og deira ekspertise i tilrettelagt arbeid og attføring forsvinna. Dette er ekspertise som det vil være svært vanskeleg

å samle att om det viser seg at teoriene bak modell 2 syner seg å ikkje stemma med verkelegheita.

Vi stiller oss og sterkt kritiske til at det er riktig og føremålstenleg at NAV får ein utvida rolle i attføringsarbeidet, som arrangør av attføringstenester slik modell 2 går ut i frå. Etter vår meining bør NAV framleis ha rolla som avklarande, kontrollerande og oppfølgjande instans.

Når det gjeld arbeidsmarknadstiltaket Varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med uførepensjon, er vi glad for at eit fleirtal av utvalet sine medlemmer går inn for å vidareutvikla denne ordninga. For denne målgruppa opplever vi at det er eit tydelig udekkka behov, som må møtast med fleire tiltaksplassar.

Konkurransetsetting

Eigarskapsmodellen ein har i dag føreset at eit eventuelt overskot skal koma tiltaksdeltakarne og verksemdene til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Attføringsarbeidet er etter vårt syn lite eigna for anbodsutsetting. Vi fryktar at kvaliteten i arbeidet vert vesentlig redusert dersom dette arbeidet skal utførast av verksemdar som har bedriftsøkonomisk overskot som fremste føremål. Vi fryktar at eit anbodssystem vil redusera tilbodet til brukarane og då særleg for dei brukarane som har størst hjelpe- og/eller tilretteleggingstrong. Med kommunal eigarstruktur sikrar ein vidare eit geografisk likeverdig tilbod til brukarane i distrikta.